

Selskapsavtale for Aust-Agder museum og arkiv IKS

§ 1 Føretaksnamnet er Aust-Agder Museum og Arkiv IKS, eit interkommunalt selskap oppretta i medhald av lov om interkommunale selskap av 29.januar 1999 nr.6 (IKS loven).

§2 Selskapet har hovudkontoret sitt i Arendal kommune.

§ 3 Deltakarar og ansvar

Deltakarar er Agder fylkeskommune og kommunane Risør, Gjerstad, Vegårshei, Åmli, Tvedestrand, Arendal, Froland, Grimstad, Lillesand, Birkenes, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Deltakaransvaret svarar til eigarandelen i selskapet som er slik:

Agder fylkeskommune	47 %
Arendal kommune	16 %
Birkenes kommune	1 %
Bygland kommune	2 %
Bykle kommune	2 %
Evje og Hornnes kommune	5 %
Froland kommune	1 %
Gjerstad kommune	1 %
Grimstad kommune	10 %
Iveland kommune	2 %
Lillesand kommune	2 %
Risør kommune	2 %
Tvedestrand kommune	2 %
Valle kommune	5 %
Vegårshei kommune	1 %
Åmli kommune	1 %
Total	100 %

§ 4 Innskotsplikt

Selskapet er etablert ved ei samanslåing av føretaka Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS, Setesdalsmuseet IKS og stiftinga Grimstad bys museer. Ved samanslåinga overtar selskapet alt ansvaret og alle forpliktingar som Setesdalsmuseet og Grimstad bys museer har før samanslåinga. I tillegg skal formuesgode overførast til selskapet vederlagsfritt.

Dessutan overtar det nye selskapet ansvaret for samlingar og eigedomane som Setesdalsmuseet Eigedom IKS eig.

Deltakarane gjev årleg driftstilskot til selskapet. Det utarbeidast eigen avtale om dette mellom eigarane. Representantskapet vedtek budsjettet. Tilskotet skal utbetalast med ein halvpart i januar og ein halvpart i juli månad kvart år.

§ 5 Låneopptak og garantitilsegn

innafor ei maksimal ramme på 300 millionar kroner kan selskapet ta opp lån til kapitalformål, konvertering av eldre gjeld og til likviditetsformål.

Selskapet kan ikkje stille sikkerhet for økonomiske skyldnader andre har. Låneopptak skjer

i samsvar med IKS- lova og tilhøyrande forskrifter. Alle lån skal godkjennas av representantskapet og av departementet.

§ 6 Formål

Aust-Agder Museum og Arkiv IKS skal forvalte, drive og utvikle museums- og arkivfeltet i Agder ved å:

- arbeide for at verdfulle kulturminne, bygningar, gjenstandar, arkiv og andre informasjonsberarar av historisk og administrativ verdi blir samla inn, tekne vare på og gjort tilgjengelege for allmenta, for forskning, kulturelle og administrative formål.
- aktivt formidle samlingane til institusjonen og avtalepartane saman med historia og kulturarven i fylket slik at det fremjar velferda og dei demokratiske rettane til innbyggjarane. Barn- og unge skal prioriteras i formidlinga
- arbeide aktivt med forvaltning, forskning, formidling og publisering, gjere Agders kultur og historie levande for befolkninga og bidra til aktiv distriktsutvikling i Agder.
- vere faginstans for deltakarane i museums- og arkivfaglege spørsmål.
- utvikle fagleg og administrativ kompetanse ved lokale museum og samlingar og arbeide for at lokale kulturminne og lokal tradisjon blir tekne vare på.
- ta på seg betalte oppdrag for offentlige og private organ, og kan også administrere eksternt finansierte prosjekt innanfor sitt arbeidsfelt.

§ 7 Representantskapet

Representantskapet er det øvste styringsorganet for Aust-Agder Museum og Arkiv. Medlemmene i representantskapet med personlege varamedlemmer blir valt av fylkestinget og kommunane (deltakarane) for 4 år om gongen i samsvar med kommunevalperioden. Ein deltakar kan halde nyval i valperioden.

Representantskapet har 16 medlemmer - eit medlem frå kvar deltakande kommune/fylkeskommune med ei røyst kvar.

For gjeremåla og fullmaktene til representantskapet gjeld selskapsavtalen i tillegg til IKS-loven. Representantskapet held kvart år 2 ordinære møte. Eit møte skal haldast før utgangen av april og eit i samband med budsjetthandteringa på hausten. Innkalling og sakliste skal sendes ut med minst 4 vekers varsel til medlemmane og varamedlemmane.

Fylkeskommunen og kommunane som er med skal med same frist ha varsel om innkallinga og saklista.

Ordinært representantskapsmøte behandlar:

- Overordna mål og retningslinjer for drifta i den komande perioden
- Budsjett og økonomiplan
- Årsmelding og årsrekneskap
- Andre saker som etter loven eller denne avtalen skal handsamas

Når det er naudsynt behandlar representantskapet:

- Val av leiar og nestleiar i representantskapet
- Val av valnemnd
- Endring av selskapsavtalen
- Godtgjersle for verv i selskapet
- Val av styremedlemmer og varamedlemmer,
- Val av leiar og nestleiar i styret
- Styrevedtak om låneopptak
- Kjøp eller avhending av fast eigedom
- Val av revisor

Leiaren i representantskapet kallar inn representantskapet etter reglane i IKS-loven.

§8 Valkomité

Valkomiteen består av tre medlemmar vald blant representantskapets medlemmer. To av medlemmene skal veljast blant representantane for Grimstad kommune, Arendal kommune, Valle kommune og Agder fylkeskommune.

Valkomiteen skal gje ei innstilling om val av som skal gjerast av representantskapet. Valkomiteen skal konsultera styrets leiar og dagleg leiar før den gir sin innstilling. Representantskapet fastset instruks for valkomiteen.

§ 9 Styret

Styret har ansvaret for drifta av selskapet i samsvar med IKS-loven, selskapsavtalen og vedtak i representantskapet

Styret har 8 medlemmer med personlege varamedlemmer. som med unntak av representantane for dei tilsette, blir valde for 4 år. 4 representantar med vararepresentantar veljas etter forslag frå hhv. Agder fylkeskommune, Valle kommune, Grimstad kommune og Arendal kommune. Fylkeskommune og disse kommunane skal også være sikra representasjon i styret. Styreleiar skal veljas etter forslag frå Agder fylkeskommune. ¾ av representantskapsmedlemmane som er til stades må støtte styreleiarvalet.

Reglane i aksjeloven § 20 om kjønnsmessig fordeling i styret skal gjelde ved val til styret. Dei tilsette skala ha to styremedlem med personlege varamedlem, som blir vald av og mellom dei tilsette i tråd med IKS-loven § 10.

Dagleg leiar og nestleiar kan ikkje representere dei tilsette i styret.

Styreleiar har møte- og talerett i representantskapet.

Styret representerer selskapet utad. Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å forplikte selskapet aleine eller i fellesskap.

§ 10 Oppgåvene til styret

Styret skal normalt førebu og leggje fram dei sakene som skal handsamast i representantskapet.

Styret tilset dagleg leiar.

Styret skal drive selskapet i tråd med vedteke budsjett og i tråd med formålet til selskapet, selskapsavtalen og vedtak i representantskapet.

Styret skal sikre trygg rekneskapsføring og forvaltning av formuen.

Styret vedtar instruks for dagleg leiar.

§ 11 Dagleg leiar

Aust-Agder Museum og Arkiv skal ha dagleg leiar som er sekretær for styret. Dagleg leiar har møte- og talerett i styret og representantskapet. Elles gjeld IKS-loven.

Dagleg leiar har tilvisingsrett innanfor vedteke budsjett og førebur normalt sakene som skal behandlas i styret.

§ 12 Rettane til dei tilsette

Selskapet skal vere medlem av arbeidsgjevarforeining. Dei tilsette skal følgje den kommunale tariffavtalen og selskapet skal sikre dei tilsette gjennom felles kommunal pensjonsordning.

Ved etableringa skal alle faste tilsette frå dei etablerande selskapa overførast med same rettar og pliktar til det nye selskapet.

§ 13 Rekneskap og revisjon

Selskapet skal følgje dei kommunale budsjett- og rekneskapsforskriftene. Selskapet skal ha revisor vald av representantskapet.

§ 14 Oppløysing

For oppløysing gjeld IKS-loven §§ 32- 37. Vedtak om oppløysing treffast av deltakarane i fellesskap.

Ved oppløysing av selskapet skal eigedomar, bygningar, gjenstandar, arkiv osb. tilførast den institusjonen i Agder som overtek ansvaret, gjeremåla og pliktane til selskapet.

Dersom ansvaret, gjeremåla og pliktene ikkje blir overførde samla til ny eining i Agder, skal eigedelane førast tilbake til institusjonar som tilsvargar dei konsoliderande einingane dersom slike blir oppretta, alternativt til Setesdalsmuseet Eigedom IKS, Grimstad kommune og Arendal kommune.

I den grad desse retningslinene ikkje tek vare på forvaltninga av eigedelar og verdier i samband med oppløysing, gjeld intensjonane i oppløysingsparagrafane til dei tre respektive institusjonane som inngår i dette selskapet ved etableringa. Elles skal kommunane som er med i selskapet saman eller kvar for seg, ha en uavgrensa rett til å få tilbakeført eigedomar, bygningar, gjenstandar, arkiv osb.

Resterande gjenstandar og eventuell gjeld i selskapet skal fordelast på deltakarane i forhold til deltakardelen i § 2 i selskapsavtalen.

§ 15 Endring av selskapsavtalen

For endringar i selskapsavtalen gjeld IKS -loven. Mindre endringar av selskapsavtalen kan handsamast av representantskapet.

I tillegg til samrøystekrava i IKS-loven kan paragraf 8 andre ledd i denne avtalen berre endrast samrøystes.

Agder, __. desember 2019

_____	_____	_____
fylkesordfører i Agder	ordfører i Bykle kommune	ordfører i Valle kommune
_____	_____	_____
ordfører i Bygland kommune	ordfører i Evje og Hornnes kommune	ordfører i Iveland kommune
_____	_____	_____
ordfører i Lillesand kommune	ordfører i Grimstad kommune	ordfører i Arendal kommune
_____	_____	_____
ordfører i Froland kommune	ordfører i Birkenes kommune	ordfører i Åmli kommune
_____	_____	_____
ordfører i Tvedestrand kommune	ordfører i Risør kommune	ordfører i Gjerstad kommune

ordfører i Vegårshei kommune		

Samarbeidsavtale mellom kommunene nevnt i pkt. 3 og Agder fylkeskommune om drift av Aust-Agder museum og arkiv.

1.

Denne avtalen er et vedlegg til vedtatt selskapsavtale for Aust-Agder museum og arkiv.

2.

Avtalens formål er å sikre forutsigbar drift av Aust-Agder museum og arkiv og erstatter tidligere samarbeidsavtaler mellom vertskapskommunene og fylkeskommunen om drift av Aust-Agder kulturhistoriske senter.

3.

Tilskuddet fra hver kommune og fra fylkeskommunen var for 2014 slik i 1000 kroner:

Tilskudd fra Agder fk	8990
Arendal kommune	3033
Birkenes kommune	274
Bygland kommune	464
Bykle kommune	417
Evje og Hornnes kommune	974
Froland kommune	295
Gjerstad kommune	137
Grimstad kommune	1829
Iveland kommune	325
Lillesand kommune	491
Risør kommune	357
Tvedestrand kommune	323
Valle kommune	1031
Vegårshei kommune	114
Åmli kommune	114
Sum inntekter	45055

4.

Fylkeskommunen og kommunene er enig om en årlig justering i samsvar med statsbudsjettets deflator for kommunesektoren.

5.

Fylkeskommunen og kommunene forplikter seg til å arbeide aktivt for at Aust-Agder museum og arkiv IKS evner å realisere sitt mål om å bli de ledende kompetansemiljøene på det kulturhistoriske feltet for Agder.

6.

Partene vil arbeide aktivt for at statlig delfinansiering til drift og investering fremover kommer opp på tilskuddsnivå lik fylker det er naturlig å sammenlikne seg med.

7.

Denne avtalen gjelder fra 01.01. 2020 til 30.06. 2024. Avtalen kan reforhandles om en eller flere av partene ønsker det. Slikt ønske må framsettes to år i forveien.

8.

Dersom det oppstår en uforutsett situasjon med store økonomiske konsekvenser for Aust-Agder museum og arkiv, kan en eller flere av partene kreve forhandlinger om hvordan denne situasjonen kan løses.

(Fylkesordfører og ordfører i alle kommunene nevnt i pkt. 3 undertegner avtalen)